

KOR VART DEI AV, BLOMEENGENE?

Eg saknar blomeenger i moderne hagar. Alt er arrangert og frisert, ofte inntil det perfekte. Kjem du ut på landsbygda er biletet gjerne eit anna på våren og forsommaren. Bileta har eg teke på Kongsvold Fjeldstue, den gamle skysstasjonen på Dovre. Dei eldste husa der er frå 1720, og Pilegrimsleden og Kongeveien går gjennom tunet. Der dyrkast engar, og mange plantar.



Visa syngast av Synnøve Ottesdotter i spelet «Synnøve og Kongebrevet», dagdrømmeri under overfarten til København.

FREDDIE LANGRIND | www.ordtoner.com > Epistler
/ blomeengene

TONESETT

Kor vart dei av, blomeengene i fullendt fargeflor?
Eg minnest tider dei ein gong song :/: ein sommars ville kor :/:

Kor vart dei av, fagerklokkene og småkårs natt-og-dag?
Dei klang så stillsamt i mine aks :/: med hugnadssame drag :/:

Kor vart dei av, tiriltungene, som bluss på eng og mo?
Maria bar dei på ferdafot :/: som gylne jomfru-sko :/:

Kor vart dei av, prestekragane, dei kvite balderbrå?
Og kronblad-kransen som freista meg :/: mi lagnadsferd å spå :/:

Kor vart det av alle fargespel i gult og blått og rødt?
Og vind som leikar i siv og strå :/: og valmuvide skjørt :/:

Kor vart dei av, karse-engene, som tidleg sommarflor?
Eg minnest tider vi ein gong låg :/: i seng på eiga jord :/:

Kor vart dei av, blomeengene der du og eg sprang ut?
Der eg var spir`ung i nektar-rus :/: og du var humlegut. :/:

